



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 14.11.2012  
**Tid:** 15:00 : 18:00

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

### Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Møtereferent
Halvard Wiik	Kontor- og personalsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit H. Johansen	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Gisle Vik	Driftsavdelinga

*Wenche Tislevoll*

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Lars Ove Rimmereid

Harald Rydland

*Kristin Meland*

Kristin Meland  
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 97/12	Godkjenning av protokoll	
PS 98/12	Meldingssaker	
PS 99/12	Planstrategi 2012 - 15 med tidsplan for perioden	
PS 100/12	Godkjenning av utbyggingsavtale Koløy Terasse	
PS 101/12	Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016	
PS 102/12	Ymse	

## **PS 97/12 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 31.10.2012

### **Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 98/12 Meldingssaker**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

1. IMDI – administrasjonen orienterte om at Fitjar kommune pr dato ikkje har kapasitet og moglegheit til å ta imot flyktningar. Formannskapet vil ha prinsipiell drøfting i saka i kommunestyret våren 2013. Administrasjonen gir ei kort tilbakemelding no.
2. Skatteinngangen oktober 2012
3. Eingangsutbetaling Midtfjellet Vindpark
4. Innløysing av partar Finnås Kraftlag – feil verdi på partene, verdien vert på ca. – 16.000,-.
5. Småkraftprosjekt Stemmetjørn – korrespondanse med Gunnar Heimark - innspel til sak i formannskapet sak PS 95/12 i møte 31.10.2012. Administrasjonen gir tilbakemelding om at formannskapet står fast ved vedtak i sak PS
6. Prognose eigedomsskatt Midtfjellet Vindkraft – administrasjonen orienterte i møte (lukka)
7. Referat møte SVV om Fv 545
8. Fitjar Infrastrukturdugnad – selskapet er sletta i Brønnøysundregisteret.
9. Notat vedk. risiko og beredskapsiltak ved Midtfjellet Vindpark.
10. Dokken i Årskog – søknad med utfyllande opplysningar om fjerning av dokken innan mars, dette er for seint. Kommunen sin advokat har skrive brev og peikar på at Midtfjellet Vindpark skal bruka kaien frå 1. april. Før dette skal det utførast utbetringar. Det må difor være planlegging parallelt med søknaden.
11. Nye Rimbareid skule – rådmannen orienterte om foreløpig statusrapport på nybygget. Ordførar ber om statusrapport på kvart formannskapsmøte. Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om arbeidstilhøva for lærarar og elevar, det er stor grad av «goodwill» blant elevar og lærarar mens arbeidet pågår.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 99/12 Planstrategi 2012 - 15 med tidsplan for perioden****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2012 -15 slik han ligg føre.

**Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

Rådmannen orienterte om innkomne uttaler, ein frå fylkeskommunen som kom innan fristen og ein frå Stord kommune datert 31.10.2012

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2012 -15 slik han ligg føre.

**PS 100/12 Godkjenning av utbyggingsavtale Koløy Terrasse****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek dokumentet «Moment ved overtaking av byggjefelt» til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Ordførar og rådmann får fullmakt til å tinga med Koløy Terrasse AS om endeleg avtale, basert på føresetnadene i sakstilfanget.

Den endelege avtalen skal godkjennast av formannskapet.

Formannskapet får delegert fullmakt til å gjera endeleg vedtak om oppstart.

Budsjettkonsekvensane vert å innarbeida i budsjetta, første gang revidert budsjett 2013

**Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

**Ordførar Wenche Tislevoll (H)** ba formannskapet vurdere hennar gildskap, ho er oppsitjar i området og har tidlegare vore med og utarbeidd planen.

Representanten gjekk frå møtet, Agnar Aarskog (AP) tok over som setteordførar. Wenche Tislevoll blei samrøystes erklært ugild.

Sidan ordførar er ugild får varaordførar og rådmann fullmakta.

**Vedtak i formannskapet**

Formannskapet tek dokumentet «Moment ved overtaking av byggjefelt» til vitande.

**Tilråding til kommunestyret (4 røyster):**

Varaordførar og rådmann får fullmakt til å tinga med Koløy Terrasse AS om endeleg avtale, basert på føresetnadene i sakstilfanget.

Den endelege avtalen skal godkjennast av formannskapet.

Formannskapet får delegert fullmakt til å gjera endeleg vedtak om oppstart.

Budsjettkonsekvensane vert å innarbeida i budsjetta, første gang revidert budsjett 2013

## **PS 101/12 Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek LTP til vitande og sender over saka «Budsjett 2013 og langtidsplan 2013-2016» til Utval for oppvekst og omsorg og Utval for plan og miljø for uttale.

### **Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

Rådmannen orienterte om langtidsplanen som er lagt inn i budsjettet. Langtidsplanen syner at vil Fitjar kommune ha eit overskot i 2013 og 2014 og ein liten minus dei to påfølgjande åra.

Etter framlagt prognose frå Midtfjellet Vindpark og oppjustert inntekt vil LTP ha eit overskot på ca. 4,6 mill utover det som ligg i planen no, 1 mill i 2013 og 1,2 mill i kvart av åra 2014 – 2016.

Formannskapet drøfta saka.

Ordførar kom med framlegg om å utfordre hovedutvala, med hjelp av administrasjonen, til å sjå på innsparingar på dei ulike avdelingane som tilsvarar 2 mill kroner.

Formannskapet kom med slikt tilleggsframlegg:

Formannskapet ser for seg at budsjettet må reduserast med 2 mill. og ber om at hovudutvala tek omsyn til dette ved handsaming av saka.

Budsjettutfordringa blir fordelt slik:

1 mill på oppvekst og omsorg, 0,5 mill på plan og utvikling og 0,5 mill på formannskapet sine område.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet tek LTP til vitande og sender over saka «Budsjett 2013 og langtidsplan 2013-2016» til Utval for oppvekst og omsorg og Utval for plan og miljø for uttale.

Formannskapet ser for seg at budsjettet må reduserast med 2 mill. og ber om at hovudutvala tek omsyn til dette ved handsaming av saka.

Budsjettutfordringa blir fordelt slik:

1 mill på oppvekst og omsorg, 0,5 mill på plan og utvikling og 0,5 mill på formannskapet sine område.

## **PS 102/12 Ymse**

### **Framlegg til vedtak:**

### **Behandling i Formannskapet - 14.11.2012:**

**Representanten Agnar Aarskog (AP)** hadde spørsmål til gatelys. Kven har ansvaret for vedlikehaldet? Det må skiftes gatelys i dei lysa som ikkje virkar.

Rådmannen orienterte om at veglys langs fylkesveg er fylkeskommunen sitt ansvar. Gisle Vik orienterte om status på vedlikehaldet.

### **Ordførar orienterte om**

1. Handsaming av lukka saker i formannskapet. Ein varamedlem til formannskapet ønskjer tilsendt lukka saker som er handsama i formannskapet.

Formannskapet drøfta saka og konkluderte med at rutinane for lukka saker held fram som i dag.

2. Omvisning i vindparken 21. november – starter 12:30 før kommunestyret som startar kl. 15:00.  
Ordførar og rådmann i Stord kommune vert invitert til å vera med, og evt. andre som har meldt si interesse.
3. Arbeid med fusjon SNU – Atheno. Kommunestyret har handsama denne saka tidlegare. Saka har gått seinare enn forventa, det vil verta ny sak 5 desember.
4. Adresseprosjekt og namnenemnd. Ordførar har vore i kontakt med dei som ble føreslegne og alle har sagt ja til å vera med i nemnda.
5. Markering og utdeling av kulturprisen for 2011 vert 15. november.
6. Tiltaksplan Fitjarfjellet. Plan blei lagt føre i sommar, ein ynskjer at bommen skal flyttast til Olstjørn. Dette vert det arbeida med. Det vert starta ein prosess i forhold til reguleringsendring som ivaretek område og tiltak som følgje av tiltaksplanen.
7. Tur til Lyon – Det er VM kokkekunst i slutten av januar, samarbeidsrådet, ordførar og rådmenn er invitert til å vera med. Frå Fitjar reisar ordførar.
8. Kontaktmøte med Statens vegvesen om utfordringar og komande prosjekt. (Referat ikkje motteke).  
Fitjar kommune hadde ein del spørsmål som vi ikkje har fått svart på. Det vert etablert 3 fartsdumpar ved Øvrebygda skule. Vegvesenet vil prøve å finne pengar til veglys på strekkja Hogste/Klementsbrekko. Dersom Fitjar kommune er med å deler på kostnaden til Helland så langt som det er skuleborn blir kostnadene delt halvt om halvt kr. 300.000,- for Fitjar. Fartsdumpar i Fitjar sentrum er ikkje prioritert. Det må vere tydeligare vegmerking på smale vegar. Vegvesenet har ikkje avsatt midlar til skilting. Elles vart vegen i Sælevik omtala og forslag til ny tilkomstveg frå Svartasmoget.

Administrasjonen orienterte om personalsak, lukka jfr. § 31.4 i kommunelova.

**Vedtak:**